

# Valprogram for Luster SV 2023-27

## For dei mange, ikkje for dei få

Luster SV er eit sosialistisk og inkluderande parti som arbeida for at me som samfunn skal fordele ressursane våre slik at dei kjem alle til gode. Samfunnet vårt treng eit mangfald av folk med ulik bakgrunn, meningar, identitet og interesser. Luster SV arbeider *for* inkludering og *mot* framandfrykt, diskriminering og undertrykking. Me ynskjer eit berekraftig samfunn og ein kommune som sikrar gode og trygge kvardagar for innbyggjarane. Klimakrisa, øydelegging av miljøet og aukande skilnadar er dei store i utfordringane i vår tid. SV stiller til val i Luster for å få ned skilnadane, styrkja velferda og kjempa mot klimaendringane og naturkrisa.

## Oppvekst og utdanning

Ein god barndom varer heile livet. Barnehage og skule er viktige arenaer for å gje born ein god start i livet og minske sosiale og økonomiske skilnadar, samt auke inkludering og forståing.

Difor vil Luster SV:

- arbeide for gratis kjernetid på SFO for 1.-4. trinn og redusere prisen for ferie-SFO
- arbeide for å redusere prisen på barnehageplassar
- arbeide for at Luster kommune blir ein føregangskommune med ein auka, trygg grunnbemanning i barnehage og skule
- prøveprosjekt med heilskapleg skuledag der SFO og fritidsaktivitetar blir ein del av dagen
- at kommunen skal ha tilstrekkeleg barnehageplassar for å sikre fleksibilitet
- at Luster kommune framleis skal vere ein aktiv og offensiv nynorskkommune i opplæringa
- halde fokus på eit målretta arbeid for god psykisk helse og mot mobbing.

## Inkludering og mangfald

Luster kommune skal vere ein god kommune for alle og då er det avgjerande at kommunen arbeider målretta med inkluderingsarbeid. Me skal ikkje la menneske falle utanfor samfunnet, men sikre at alle skal bli høyrte og sett. Inkluderingsarbeidet lyt rette seg både mot utdanning, arbeid, fritid og der menneske elles møtast.

Difor vil Luster SV:

- leggje til rette for ei mangfaldig og variert busetnad
- at kommunen skal ha eit målretta arbeid for å styrke Inkluderingsarbeidet, også inn mot lag og organisasjonar
- at Sogn kulturskule skal vere ein viktig arena for inkludering
- at Luster kommune skal flagga med det samiske flagget på samane sin nasjonaldag 6. februar og flagga med regnbogeflagget i høve Pride-markeringar
- styrke arbeid i kommunen mot diskriminering, vald og trakassering grunna i kjønn, kjønnsuttrykk, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing og seksuell orientering
- arbeide for at kommunen har rutinar for kompetanseheving av tilsette i barnehagar, barnevernet og grunnskulen om LHBT-spørsmål og kulturelt mangfald, slik at born blir møtt på ein god og inkluderande måte

- at biblioteket skal ha eit breitt utval av skeiv litteratur, skeive filmar og informasjonsmateriell om LHBT-personar, som gjenspeglar mangfaldet i befolkninga
- at Luster kommune skal tilby livssynsoppe seremonirom til dømes for gravferd
- sikre eit godt nynorsk opplæringstilbod i kommunen for vaksne innvandrarar
- at Luster vaksenopplæring og flyktingstenesta får tilstrekkeleg med ressursar for å gje ein god introduksjon til samfunnet
- at kommunen framleis skal tilby mange og gode språkpraksisplassar
- sikre deltaking i arbeidslivet for vaksne innvandrarar og andre arbeidstakarar som treng tilrettelegging.

## Arbeid, velferd og helse

Arbeidslivet og velferdssamfunnet treng kvarandre for å fungere. Luster SV tykkjer det er særst viktig å lytte til dei som blir påverka av aktuelle vedtak og prioriteringar.

### Difor vil Luster SV:

- arbeide for eit meir likestilt arbeidsliv
- arbeide for ein heiltidskultur med faste og heile stillingar. Det er viktig å få vekk ufrivillig deltid
- at Luster kommune skal vere ei god opplæringsbedrift for lærlingar.
- at helse- og omsorgstenestene i kommunen skal bli verande kommunale. Me seier nei til privatisering
- ha ein aldersvenleg kommune. Det er viktig å sikre at heimetenestene har ressursar nok til å gje heimebuande eit godt og trygt tilbod
- vil oppmuntre til kontakt og samarbeid mellom skulane og omsorgs- og helsetenestene
- styrke arbeidet for å hindre seksuell trakassering og sikre gode varslingsssystem.
- at kommunen skal vere ein trygg arbeidsgjevar som har ein god dialog med dei tillitsvalde
- sikre og styrke den desentraliserte tannhelsetenesta i kommunen.

## Kultur for alle

Alle, uavhengig av økonomisk, sosial, kulturell eller etnisk bakgrunn og alder, skal få høve til å delta i, skapa og oppleve kunst og kulturuttrykk, uavhengig av kor i kommunen ein er busett. Folk sin økonomi eller helse skal ikkje vera eit hinder for å ta del i kulturlivet, anten det er som utøvar eller tilskodar.

### Difor vil Luster SV:

- styrke idretts- og kulturlivet i kommunen
- sikre at alle har lik tilgang til å skapa, delta og oppleve kunst og kultur, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion, seksuell orientering og alder
- oppretthalde og styrke fritidsfondet slik at alle i alderen 0-18 år kan delta i fritidsaktivitet uavhengig av økonomi
- utvikle arenaer som er tenlege for konsertar og andre arrangement
- arbeide for at Sogn kulturskule vert eit tilbod alle kan nytte seg av
- stø opp om ulike utviklingsprosjekt som til dømes *Kulturen i naturen*
- sikre at kulturminna i kommunen vert verna og tekne vare på.

## Næringsliv, landbruk og verdiskaping

Eit variert arbeidsliv er viktig for at folk skal velje å bu i Luster. Me treng både private og offentlege arbeidsplassar for at Luster skal halde fram som ein tilflyttarkommune. Landbruket i Luster er ei svært viktig næring for heile kommunen. Me treng både heiltidsbonden, deltidsbonden og småskala-landbruk.

### Difor vil Luster SV:

- arbeide for berekraftig utvikling i næringslivet
- vere ein attraktiv kommune for etablering av nye verksemdar
- tilrettelegging for fleire lærlingplassar, både i privat og offentlig sektor
- sikre Sogndal lufthamn som ein føresetnad for levande næringsliv i Luster og heile regionen
- arbeide for å få Sogndal lufthamn med i eventuelle prosjekt med elektriske passasjerfly
- at kommunen skal vere ein aktiv medspelar for å sikre gode tilhøve for lokal matproduksjon og landbruk
- at kommunen skal bygge opp under den berekraftige næringsutviklinga som skjer i det lokale landbruket
- verne om matjorda i kommunen
- sikre berekraftig jord- og skogbruk.

## Klima og miljø

Naturen er ei kjelde til liv, helse og verdiskaping. Me lyt ta vare på verneområda våre og verne om naturressursane våre på ein berekraftig måte, også for generasjonane som kjem etter oss.

### Difor vil Luster SV:

- bruke statusen som nasjonalpark
- stø opp om vern av Sognefjorden
- forby lysfiske i Lustrafjorden for å verne om Lustrafjordsilda, sjøauren og villaksen
- verne Flahamarskjeret (i Lustrafjorden)
- setje utsleppskrav til cruiseskip i Lustrafjorden
- arbeide for å hindre meir utbygging av naturareal og jordbruksareal
- vere restriktiv til nye område for hyttebygging
- arbeide i mot vindmøller i fjellet og verne om vassdraga våre
- vere restriktiv til å bruke energi og areal til datalagring
- verne om myra som klima- og naturressurs og arts- og naturmangfald i myra.
- legge til rette for berekraftig turisme.
- sikre alle tilgang til naturopplevingar.
- stille miljøkrav til leverandørar kommunen kjøper varer og teneste av
- gå inn for prosjekt der kommunen monterer solceller på kommunale tak
- sikre eit godt ladenettverk for el-bilar i kommunen.

## Folkestyre

Eit levande folkestyre føreset eit breitt folkeleg engasjement, tilgang på kunnskap, og nærleik mellom dei styrande og dei styrte. SV ynskjer å få flest mogleg til å engasjere seg i lokalpolitikken.

### Difor vil Luster SV:

- at det skal vere lett for innbyggjarane å kome i kontakt med kommunen og påverke kommunale prosessar
- at kommunen og det kommunale demokratiet systematisk skal invitere til opne møter tidleg i politiske saker
- stimulere til rekrutteringsarbeid for å få eit meir representativt folkestyre der spesielt unge vaksne og ny-tilflyttarar er viktige målgrupper
- at Luster kommune skal halde fram som eigen kommune. SV krev folkerøysting om spørsmålet kjem opp i perioden
- at Luster kommune skal oppretthalde og styrke samarbeid med nabokommunar.

## Beredskap og tryggleik

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kommunen er å sikre at innbyggjarane kan leve og bu trygt. Klimaendringar og meir ekstremvær aukar behovet for kriseberedskap. Dei siste åra har me sett meir sentralisering av naudetatane, og med det kjem utfordringar som gjer det naudsynt at kommunen gjer grep for å sikre kommunen i ekstreme tilfelle.

### Difor vil Luster SV:

- sikre gode gang- og sykkelveggar i kommunen
- prioritere godt vedlikehald av dei kommunale vegane, ras-sikre utsette veggar og arbeide for gul midtstripe.
- byggje meir ras- og flaumsikring for framtida
- styrke redningsberedskapen på fjordane våre i lys av cruiseturismen i området
- arbeide for at ambulansetenesta framleis skal ha ei base i kommunen
- arbeide for at frivillige beredskapsorganisasjonar har gode vilkår i kommunen.

## Bustad og lokalsamfunn

Korleis ein bur er heilt grunnleggande for oss som menneske. Luster treng ein bustadpolitikk som gir rom for å bygge samfunn, ro i kvardagen og høve til aktivitet. I nærleiken av bygdesentera lyt ein ha fokus på å løyse utfordringar knytt til ferdsel for mjuke trafikantar. Det skal vere trygt å vekse opp i Luster, då lyt det også vere trygt å ferdast til og frå skule, trening og vennebesøk.

### Difor vil Luster SV:

- leggje til rette for bustadbygging som dekkjer ulike behov i same nabolag
- at det ved nybygging lyt prioriterast plass til rekreasjonsområde og generasjonsmøteplassar
- satse på aldersvenlege bustadar, spesielt i nærleiken av bygdesentera i kommunen
- at kommunen skal tilby utleigebustadar i ulike storleikar til menneske i ulike fasar av livet.
- at kommunen er ein aktiv part i utvikling av sentrumsområde og sikre gode område for aktivitet og sosialt liv
- auke satsinga på *Leige til eige* og gi fleire høve til å kjøpe eigen bustad.